

PROTOKOLL
ÅRSMØTE I HORDALAND MÅLLAG
17. mars 2019

1. **Oppnemning av ordstyrar**
Fastsetjing av årsmøteføresegrer
Oppnemning av tillitsombod (røysteteljarar, fullmaktsnemnd, redaksjonsnemnd(er))
Oppnemning av tre medlemmer til å skriva under protokollen

ÅRSMØTET GJORDE FYLGJANDE VEDTAK:

Årsmøtet nemner opp Arild Reigstad og Astrid Helene Olsen til ordstyrar laurdag 16. mars.

Årsmøtet nemner opp Mona Stormark og Øystein Skjæveland til ordstyrar søndag 17. mars.

Årsmøtet gjer ingen endringar i årsmøteføresegnene.

Årsmøtet vedtek at fullmaktsnemnd og redaksjonsnemnd ikkje er naudsynt for dette møtet. Dei to innkomne fråsegnene kan handsamast av heile årsmøtet.

Årsmøtet vedtek vidare at utsending frå Ågotnes Mållag får røysterett sjølv om laget er nystarta og såleis ikkje stiller med vanleg årsmelding frå årsmøteperioden.

Årsmøtet nemner opp Anne Buset Vassbotn, Ingrid Mølmen Gråsletten og Oddvar Skre til å signera årsmøteprotokollen.

Årsmøtet nemner opp Geir Angeltveit og Matti Garnes Wiik til røysteteljarar.

2. **Årsmelding**

ÅRSMØTET GJORDE FYLGJANDE VEDTAK:

Årsmeldinga vert godkjend med ein merknad: Det kunne ha stått meir om økonomiarbeid i meldinga.

Mållovsrapporten vert godkjend utan merknader.

Skulemålsrapporten vert godkjend med ein merknad: Skulemålsnemnda er orientert om fleire saker som har med retten til å få tilgang til klasselister å gjera.

Rapport frå prosjektmedarbeidaren vert godkjend med ein merknad: Det vert gjort ei redaksjonell endring i andre setning i meldinga.

Næringslivsansvarleg gjorde munnleg årsmøtet kjend med den aktiviteten han har hatt i perioden.

3. Årsrekneskap og ettersynsmelding

ÅRSMØTET GJORDE FYLGJANDE VEDTAK:

Rekneskapen vert godkjend. Resultatet (overskotet) på kr. 96 411, 28,- skal i heilskap gå til prosjektstillinga i Hordaland Mållag.

4. Arbeidsprogram

ÅRSMØTET GJORDE FYLGJANDE VEDTAK:

Arbeidsprogrammet vert godkjent med fire merknader.

- Linje 27 vert endra slik: Me vil oppmoda næringslivet i fylket til å nytta meir nynorsk, dette kan til dømes skje i samarbeid med Bergen Næringsråd.
- Linje 48 får slikt tillegg: Hordaland Mållag vil oppmoda alle parti som stiller liste til fylkestingsvalet om å prioritera nynorsk i materiell og PR-arbeid.
- Linje 52 får ei slik redaksjonell endring: Det er naturleg for Hordaland Mållag å ha møte med leiinga i Hordaland fylkeskommune.
- Linje 58 får slikt tillegg: Hordaland Mållag vil delta aktivt i arbeidet med Nynorskens hus i Bergen.

5. Prosjektstilling

ÅRSMØTET GJORDE FYLGJANDE VEDTAK:

Årsmøtet viser til innspel under drøftinga av sak 5 og ynskjer at fylkesstyret skal halda fram med arbeidet for å søkja finansiering slik at ein kan halda fram med stillinga, i fyrste omgang ut 2019. Styret kan søkja pengar frå ulike kjelder: Noregs Mållag, andre mållag, andre sponsorar, ulike former for medlemsgåver, andre inntektskjelder.

Årsmøtet gjev styret fullmakter til å bruka fondsmidlar om det trengst.

6. Budsjett og vedtak om kontingentsats for Hordaland Mållag

ÅRSMØTET GJORDE FYLGJANDE VEDTAK:

Budsjettet som heilskap for 2019 vert vedteke. Årspengane vert uendra: 50 kr pr. medlem, 25 kr for familiemedlemer. Årsmøtet ynskjer at det vert sett av tid til å diskutera årspengesatsen på neste årsmøte.

7. Fråsegner og eventuelle andre vedtak

Nils Mæhle og Bergen Mållag har levert fylgjande fråsegn: "Kommunevalet, dei nynorske røtene og målbruksplan".

ÅRSMØTET GJORDE FYLGJANDE VEDTAK:

Årsmøtet vedtek fråsegna og gjev styret fullmakt til å gjera endringar på bakgrunn av kommentarar som kom fram på møtet.

8. Val

ÅRSMØTET GJORDE FYLGJANDE VEDTAK:

Årsmøtet vel Bjørg Eli Eide til leiar i Hordaland Mållag.

Årsmøtet vel Solveig Grønlien og Arild Reigstad til styret i Hordaland Mållag for to år.

Årsmøtet vel Torstein Vik Århus, Kristin Hågøy, Marta Nagel-Alne, Brit Solveig Fosse Reigstad, Lars Fjeldstad til fyrste, andre, tredje, fjerde og femte vara i denne rekkjefylgja.

Årsmøtet vel Knut O. Dale til leiar i skulemålsnemnda i Hordaland Mållag.

Årsmøtet vel Torstein Vik Århus og Kristin Hågøy til medlemmer i skulemålsnemnda i Hordaland Mållag.

Årsmøtet i Hordaland Mållag vel Mona Stormark og Ingrid Mølmen Gråsletten til fyrste og andre vara i skulemålsnemnda i Hordaland Mållag i denne rekkjefylgja. Nemnda får fullmakt til å finna ein ekstra varamedlem.

Årsmøtet vel Erlend Bakke til mållovsansvarleg i Hordaland Mållag.

Årsmøtet vel Øystein Skjæveland til næringslivsansvarleg i Hordaland Mållag.

Årsmøtet vel Arne Apold og Kåre Johan Mjør til ettersynfolk.

Årsmøtet vel Astrid Helene Olsen til leiar i valnemnda.

Årsmøtet vel Johannes Sekse og Øystein Skjæveland til medlemmer i valnemnda.

Dato/stad:

20.04.19/Bergen

Anne Buset Vassbotn

Anne Buset Vassbotn

Dato/stad:

21/3-19, Bergen

Ingrid M. Gråsletten

Ingrid Mølmen Gråsletten

Dato/stad:

21/3-19 Bergen

Oddvar Skre

Oddvar Skre